

Sjå adresseliste

Dykkar ref.:

Vår ref.:

52206151/brev_Varsel om oppstart Jølster skisenter.docx

Dato:

2023-04-21

► Varsel om oppstart av planarbeid Detaljreguleringsplan Jølster Skisenter Sunnfjord kommune

Det vert varsla om igangsetting av arbeid med utarbeiding av detaljreguleringsplan Jølster Skisenter, del 2, jf. §§ 12-1, 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova. Planarbeidet femnar om del av eigedommane gnr. 348 og bnr. 1, gnr. 349, bnr. 1 og fnr. 2, gnr. 349, bnr. 1, 2 og 3.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for vidareutvikling av skianlegget med mål om å forlengje sesongen. Planen skal legge til rette for etablering av 300 – 400 parkeringsplassar, varmastove med ev. nokre få fritidsleilegheiter samt ny skiheis til Kvamsbotn med tilhøyrande nedfart. I tillegg vert det jobba med langrennstilbodet, der det vert vurdert etablert kort langrennsløype. Planarbeida har til formål å utvide sesongen for å auke talet på driftsdøgn, utan at talet på daglege brukarar vert vesentleg auka.

Norconsult AS gjennomfører planarbeidet for framleggsstillar Jølster Skisenter AS.

Planarbeidet er vurdert til å ikkje verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Informasjon om planarbeidet er lagt ut på kommunen si heimeside under kunngjeringar, samt via karttenesta kommunekart.com. Referatet frå oppstartmøtet, kart som syner førebels grense for planområdet samt notat med vurderinga av planarbeidet opp mot verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar er lagt ut på heimesida til kommunen.

Arbeidet er i oppstartsfasen. Vi er i gang med å registrere og samle inn opplysningar for planarbeidet. Målet er å oversende planframlegget til Sunnfjord kommune for handsaming i november 2023. Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredsstillande.

Planen med tilhøyrande dokument vil femne om:

- 1) Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova
- 2) Planomtale som klargjer innhald og planen sine vesentlege konsekvensar i høve til miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova
- 3) Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova

For nærmare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Johannes Henrik Myrmel
mob. 454 04 993
e-post: johm@norconsult.no

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS
Postboks 514
6803 Førde

Eller sender ein e-post til:

johm@norconsult.no

Frist for å sende inn merknader er sett til 10. juni 2023.

Ein ber om at merknad vert merka med ref.: **52206151_JoHM.**

Med vennleg helsing

Norconsult AS



Johannes Henrik Myrmel

Vedlegg:


- Adresseliste, offentlege organ, lag og organisasjonar
- Kart som syner planstatus både i kommuneplan og reguleringsplan
- Kart som syner planområdet si avgrensing

Vedlegg 1: Adresseliste, offentlege organ, lag og organisasjonar

Org.nr.	Fornamn	Etternamn	Adresse	Post nr.	Poststad
	Sunnfjord kommune postmottak@sunnfjord.kommune.no		Postboks 338	6802	Førde
	Sunnfjord kommune Einingsleiar teknisk drift Leif Halvor Kårstad Leif.Halvor.Karstad@sunnfjord.kommune.no		Postboks 338	6802	Førde
	Sunnfjord kommune Kommuneoverlege Øystein Furnes oystein.furnes@sunnfjord.kommune.no		Postboks 338	6802	Førde
	Sunnfjord kommune Representant for barn og unge Ole Johnny Stubhaug ole.johnny.stubhaug@politikar.sunnfjord.no		Postboks 338	6802	Førde
	Sunnfjord kommune Folkehelsekoordinator Liv Janne Bell Jonstad liv.janne.bell.jonstad@sunnfjord.kommune.no		Postboks 338	6802	Førde
	Statsforvaltaren i Vestland sfvlpost@statsforvalteren.no	Statens hus	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
	Vestland fylkeskommune post@vlfk.no		Postboks 7900	5020	Bergen
	Statens vegvesen firmapost@vegvesen.no		Postboks 1010 Nordre Ål	2605	Lillehammer
	BKK nett kundepostnett@bkk.no				
	NVE nve@nve.no	Region Vest	Naustdalsvegen 1B	6800	Førde
	Telenor Kabelnett kabelnett@telenor.com		Postboks 7150	5020	Bergen
	Mattilsynet postmottak@mattilsynet.no	Felles postmottak	Postboks 383	2381	Brumunddal
	Sunnfjord Miljøverk IKS post@sum.sf.no		Einestølen	6815	Førde
	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane sognfjordane@naturvernforbundet.no				
	Grunneigarar varsla via Byggesøknaden				

Vedlegg 2: Kommuneplanen sin arealdel

Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel med førebels avgrensning av planområdet.




Figur 1: Utsnittet er henta frå karttenesta kommunekart.com. Plangrensa er synt på figur 2 og 3.

Meir informasjon om arealdelen til kommuneplanen, vedtekne føresegner og normer finn ein via heimesida til Sunnfjord kommune, eller via lenka: <https://www.arealplaner.no/4647/arealplaner/492>.

Arealdelen til kommuneplanen ligg òg som digitalt kart via karttenesta kommunekart.com. Lenke til tenesta er som følgjer: <https://kommunekart.com/klient/sunnfjord/planer>.

Vedlegg 3: Vedtekne reguleringsplanar

Utsnittet syner vedteken planstatus i Bjørkelia per august 2023.




Figur 2: Utsnitt av vedtekne reguleringsplanar i området. Planområdet er markert med stipla linje og raud skravur.

Meir informasjon om vedtekne reguleringsplanar i området kan ein finne via karttenesta kommunekart.com.

Vedlegg 4: Kart med planavgrensning

Kartutsnittet viser eksisterende bygg, eigedomsgrenser og vegsituasjonen i området.



Figur 3: Planområdet si avgrensning og plassering i Bjørkelia. Planområdet er markert med svart stipla linje og raud skravur.